



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato
20.04.2017
Dykkar dato
30.03.2017

Vår referanse
2017/4487 421.3
Dykkar referanse
17/537

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til søknad om dispensasjon til båtheis på gnr. 14 bnr. 75,105, Soltveit, Radøy

Vi viser til kommunen si oversending i saka.

Saka gjeld søknad om båtheis på gnr. 14 bnr. 75,104 på Soltveit. Fylkesmannen er samd med kommunen i at ein slik teknisk konstruksjon er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova, og som då krev dispensasjon både frå LNF-føremålet i kommuneplanen og byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova.

Vi synes det er positivt at kommunen løftar opp denne problemstillinga utover denne eine konkrete saka. Denne type båtheisar er også upløgd mark for Fylkesmannen, slik at i denne uttalen får kommunen nokre første refleksjonar og vurderingar frå oss. Dette er eit tema som vi heilt sikkert kjem nærare tilbake til.

Det aller viktigaste er å gjere slik som de allereie har gjort, nemleg å krevje søknad. Generelt vurderer vi hos oss at ein slik konstruksjon blir vurdert litt på same vis som ei flytebrygge. Er båtheisen lokalisert til ein kai, brygge etc., det vil seie til ein tiltak som allereie er godkjent og etablert, vil ein båtheis vere rimeleg kurant. Blir derimot båtheisen lokalisert til eit inngrepsfritt areal, slik som i den fjellveggen som vist i eksempelet frå oversendinga, vil vere konfliktfullt i forhold til strandsonevernet.

Akkurat som med båt plassar generelt, bør kommunen også sjå på om båtheisar bør lokaliserast til fellesanlegg. Eller at eit fellesanlegg vil avhjelpe slik at «behovet» for båtheis vert redusert.

Det er veldig bra at kommunen tar tak i problemstillinga tidleg. Kor populære slike båtheisar vil bli, og kva som er marknad for slike konstruksjonar, veit vi ikkje enda. Så dette er ein tematikk som Fylkesmannen ønskjer å følgje tett opp, og ønskjer å ha ein god dialog med kommunen om.

For den konkrete saka på Soltveit, stiller Fylkesmannen seg i utgangspunktet positiv til båtheis under føresetnad av at den blir forankra til ei allereie godkjent kai/brygge slik det ser ut til på flyfotoet. Skulle det vise seg at kaien/brygga er ulovleg oppført, må kommunen krevje søknad for alle tiltaka samla og gjennomføre ei ny behandling med ny høyring.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen